

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/1994-1

### Kulturrådsfunksjonar til Førde

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet gjere slikt vedtak

1. Fylkesutvalet løyver 50 000 kr til arbeidet med å få flytta kulturrådsfunksjonar til Førde.
2. Løyvinga vert finansiert frå teneste 4005, Fylkesutvalet – til disposisjon.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

Invitasjon: Arbeidsgruppe for flytting av kulturrådsfunksjonar til Førde

## SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunnen for saka er at det vert vurdert frå statleg hald å flytte ein del statlege arbeidsplassar frå Oslo til andre stader i landet.

I til FT-sak 64/15 (Oppgåvedeling i Sogn og Fjordane) står det i vedtaket m.a.:

*«Det er varsla utflytting av (funksjonar i) Norsk kulturråd. Fylket bør posisjonere seg for at desse vert lagde til Førde.»*

I oppfølginga av dette er det frå politisk side teke initiativ til å etablere ei arbeidsgruppe som skal ha som målsetjing å flytte kulturrådsfunksjonar til Førde, jf. vedlegg 1. Arbeidsgruppa har kome i gang med arbeidet. Dei har meldt eit behov for å kunne nytte 50 000 kr, m.a. til å utarbeide ein presentasjon som skal vise Førde som eigna lokaliseringsstad for oppgåver i Kulturrådet.

Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert finansiert av midlane som Fylkesutvalet har til disposisjon. I budsjettet for 2016 er det 200 000 kr som ikkje er disponert av denne løyvinga.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)